

Saksprotokoll i 29.04.2020 – Styret for Fagskolen i Hordaland

## VS 10-20 Uttale i samband med sak om organisering av fagskulane i Vestland

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 29.04.2020

### Vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland gjev uttale i samband med politisk sak om organisering av fagskulane i Vestland fylkeskommune som det kjem fram av saka.
2. Styreleiar får mandat til å utarbeide eit notat som spesifiserer tilhøve kring ønska tidspunkt for samanslåing nærare.

### Notat frå styreleiar – tidspunkt for samanslåing ved budsjettår eller sommar

Ved ein samanslåing i samband med eit budsjettår vil studentane ikkje oppleve store endringar. Dei vil halde fram ved dei same utdanningane som dei har starta på, og halde seg til same personell som før. Største endringa for studentane er at skulen får nytt namn. Studentane vil nok merke ein samanslåing i større grad dersom dette skjer på hausten, fordi det på dette tidspunktet kjem mange nye studentar samtidig som skulen etablerer seg i ny organisasjon, noko som gjev større belastning på administrasjonen.

Ved ein samanslåing sommar 2021 vil prosjektstyret måtte vedta ein mellombels tilbodsstruktur for den nye fagskulen allereie november 2020 for skuleåret 2021/22. Dette meiner styret er for kort tid etter at prosjektstyret er oppnemnt, og for kort tid i høve til å planlegge ein tilbodsstruktur for ein ny fagskule. Fagskulane er i oppstart av eit nytt skuleår hausten 2020, og det er ikkje heldig at det første arbeidet ein skal gjere med å slå saman dei to fagskulane er å starte med å utarbeide og vedta ein felles tilbodsstruktur. Arbeidet med ein samanslåingsprosess bør starte med tilsetting av prosjektrector og deretter arbeide med å planlegge for ein ny organisering. På bakgrunn av dette meiner styret at det er avgjerande at fagskulane får god nok tid til å gjennomføre samanslåinga, og at skulane ikkje vert slått saman før 1. januar 2022. Dette er også best i høve til budsjettprosessane som omtalt i uttalen frå styret.



Emil Gadolin

styreleiar, Fagskolen i Hordaland